



Klima- og miljødepartementet

Vår ref.: .2022/983-5
K46

Sakshandsamar: Magnus Berg
magnus.berg@valle.kommune.no

Dato
18.09.2023

23/4675 – innspill til stortingsmelding om villrein

Uttale frå Valle kommune vedkomande ny st. meld. Villrein

I innleiinga kommenterer departementet nokre av resultatane frå klassifiseringa av dei nasjonale villreinområda. De dreg fram Setesdal Vesthei Ryfylke i to avsnitt. Valle kommune ynskjer å kommentere dei.

- «Fem villreinområder oppnår ikke tilfredstillende kvalitet på grunn av dårlig tilstand på leveområdene. Dette gjelder Snøhetta, Rondane, Nordfjella og Setesdal Ryfylke, hvor viktige trekkpassasjer har dårlig kvalitet.» Her er det viktig å ta med seg at SVR er det villreinområde i Noreg som er mest prega av vasskraftutbygging. Vasskraftutbygginga er den vesentlege årsaka til at SVR skårar «dårlig på tilstanden i leveområde». Vasskraftutbygginga er irreversibel og nasjonalt villa og viktig i omlegging til fornybar kraft. Dette er altså ikkje på grunn av lokal tilhøve, men grunna i nasjonal politikk at SVR skårar dårlig på leveområde.
- «Hardangervidda, Nordfjella og Setesdal Ryfylke har dårlig kvalitet når det gjelder andel voksne bukk i bestanden. Dette har sammenheng med tiltakene for å begrense og om mulig utrydde skrantesyke.» Det er viktig å få med seg at det er ikkje lokale tilhøve som gjer at SVR skårar dårlig på andel voksne bukk i bestanden, men tiltak frå forvaltninga om å legge til rette for nedskyting av voksne bukk, i kamp mot skrantesyka.

1. Bestandsforvaltning

Bestandsforvaltninga av hjortedyr ligg i dag til kommunane med eit unntak, villrein, som er staten sitt forvaltningsansvar. Dette unntaket for villrein i hjorteviltforvaltninga har nok med at villrein nyttar areal i mange kommunar. I praksis er det villreinnemnda som har fått eit delegert ansvar for bestandsforvaltninga frå direktoratet. Elles deltek og dei som har rettigheter til jakt på villrein gjennom villreinutvala, men desse har inga avgjerslemynde, den ligg hjå staten.

Valle kommune var frå år 2000 med i arbeidet med lokal forvaltning av store verneområde. I vårt område er det landskapsvernområde, Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane (SVR). I dette arbeidet var ei av fleire viktige oppgåver å utarbeide ein forvaltningsplan for området og dermed utforme arealpolitikken. I dette arbeidet såg ein ganske fort det lite tenlege skiljet mellom arealforvaltning og stammeforvaltning. Styret i SVR tok på eit tidspunkt opp at stammeforvaltninga og måtte ligge hjå det interkommunale samarbeidet i SVR. Dette vart teke opp med direktoratet, men vart ikkje godt motteke.

Valle kommune meiner framleis at det var ein god ide å leggje stammeforvaltninga til eit interkommunalt samarbeid, for å sjå arealforvaltning og stammeforvaltning i samanheng. Eit av dei gode resultatane av arbeidet styret i SVR gjorde var ei erkjenning av at stammeforvaltning og arealforvaltning måtte sjåast i ein mykje større samanheng enn det som vart gjort tidlegare.

Skrantesjuka har endra deler av bestandsforvaltninga. Valle kommune vil understreka at og i ein krisesituasjon må villreinutvala og villreinnemndene vere dei som føretek bestandsforvaltninga og ikkje Mattilsynet. Mattilsynet må heller ha ein rådgjevarrolle i ein slik situasjon.

2. Dyrehelse

Klassisk skrantesjuka er framhalde som den farlegaste sjukdomen for villrein. Dei mest dramatiske tiltaka mot denne sjukdomen er gjennomførde i Nordfjella, der all rein vart skoten ned. I lokalmiljøet skapte dette store diskusjonar og motsetnader. Det å leggje opp til eit så stort konfliktnivå som i Nordfjella må vere viktig å unngå. Konfliktnivået var nok mykje skapt av at Mattilsynet overtok bestandsforvaltninga og dei lokale villreinutvala og villreinnemnda vart satt til side. Den lokale kompetansen vart ikkje høyrd.

For å lukkast i nedkjempinga av skrantesjuka er det viktig at ferdselen mellom villreinområda ikkje vert stimulert eller aukar. Det må og vere interessant å finne ut kvar opphavet til skrantesjuka er og kva som er årsaka til smitten. Dette måtte og vere viktig i nedkjempinga av skrantesjuka og hindre vidare spreiding.

Skal det oppstå ein liknande situasjon att, må lokalsamfunna/kommune få delta i arbeidet og då føretrinnsvis gjennom villreinutvala og villreinnemnd.

Når det gjeld førekomst av parasitter og nematoder som ofte vert knytt til beiting av sau i områda, må ein få meir sikker kunnskap om dette før det vert konkludert og skylda vert lagd på sauene. Undervegs må ein og kunne finne tiltak som avhjelper problema med parasitter og nematoder.

3. Arealforvaltning

Status i Valle kommune når det gjeld bandlegging av areala er at om lag 80% av arealene er bandlagd enten etter naturmangfaldlova eller som nasjonalt villreinområde, eller i mange høve som begge deler. Innføre desse områda er den verksemda som føregjeng stort seyt knytt til landbruk. Det er eit hytteområde i kommunen som ligg innanfor nasjonalt villreinområde, Bjørnevatn. Her er ein godkjend kommuneplan frå 2016. Elles føregjeng all bygging av fritidsbustader utanom nasjonalt villreinområde.

Det kunne vore nyttig for departementet å sette seg inn i korleis dei regionale planane i Nasjonalt villreinområde verkar i kommunen og korleis kommunane nyttar dei regionale planane i den kommunale forvaltninga. Prosessane og arbeidet i si tid med dei regionale villreinplanane er eit godt føredøme på korleis lokalsamfunn/kommune skal og kan involverast for å få eit godt sameint resultat i arbeidet med ny stortingsmelding villrein.

4. Restaurering

I villreinområda i Valle er det utbygging av vasskraft som er årsak til dei store arealinngrepa. Store damanlegg legg gode beiteområde under vatn og stenger trekkvegar som er nytta i tidlegare tider. Desse inngrepa er ikkje realistiske å gjere noko med i ei tid der trongen for fornybar kraft er utømeleg.

Det som då er mogleg å gjere noko med er ålmenta si tilgjenge til områda. Stenging/ending av stiar. Nedlegging av hytter som i dag nyttast av ålmenta. Det må seiast her at det å gjere noko med ålmentas tilgjenge til villreinområda, med grunn i at ein ikkje kan gjere noko med kraftprodusentane, vil fort oppfattast lokalt som noko urimeleg.

Fv 450 som gjeng mellom Ålgård i Gjesdal til Høydalsmo i Tokke er ein framifrå viktig veg for alle lokalsamfunn langs vegen. Restriksjonar utover dei me alt har på denne vegen vil merkast sterkt for det lokale næringslivet.

Beiting av sau i området vert oftare og oftare nemnd som eit problem, utan at kunnskapen er til stades. Fjernast sauene og beitetrykket den gir vil ein fort få eit anna vegetasjonsmønster.

Valle kommune vil meine at skal det gjerast noko restaurering som rammer ålmenta, innbyggjarar eller næringslivet, må lokalsamfunn/kommune involverast.

5. Ferdsel

Fv 450 er ein særskild viktig veg mellom Ålgård i Gjesdal og Høydalsmo i Tokke, då den fører til mykje handel og verksemd i bygdene langs med vegen. Endring i opningstider vil få store konsekvensar for næringslivet i høve omsetning.

Kva gjeld for opning av Fv 450 i dag.

Fylkesveg 450 Brokke – Suleskard er vinterstengd frå 1. november og til 21. mai. Dette er regulert i eigen avtale i mellom fylkesmannen i Aust Agder og Statens vegvesen av 12. april 1999. Denne avtalen er det synt til i Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde som vart vedteke i kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Denne vegstrekninga er og omtala på side 18 i Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei

Fylkesveg 450 Rotemo – Dalen er omtala på side 18 i Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei.

6. Riksveg 9

Rv 9 deler Villreinområdet Setesdal Vesthei og Setesdal Austhei nord i Bykle kommune. Restriksjonar her vil få store negative konsekvensar for alle kommunane i Setesdal og for ferdsle mellom Kristiansand, gjennom Hardanger og til Bergen.

Det å halde fram med arbeide for å kanalisere ferdsle til fots i villreinområda, er berre positivt. I dag er det allereie innført ferdselsforbod i enkelte område til bestemte tider i året, i landskapsvernområde Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane. Det er og døme frå skjergardsparken, der dei har innført forbod mot å gå i land på enkelte holmar og skjær i hekkeperioden for sjøfugl.

Det å innføre restriksjonar for ålmenta og lokalbefolkning utan at det er forankra lokalt vil berre villreinen tape på. Igjen vil Valle kommune understreke kor viktig det er at kommunane, ålmenta og grunneigararar vert tekne med i prosessane og tekne på alvor.

Valle 11.09.2023

Steinar Kyrvestad
Ordførar